

Fra: Kristian Olav Bringedal[kristian.bringedal@gmail.com]
Sendt: 09.11.2022 13:13:27
Til: Anita Lykkja[anita.lykkja@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: Statusrapport Bygdetunet Rød

Etter samtale med deg bad eg Dugnadsgruppa i Uskedalen v/ Pål Haugland ta ei synfaring og koma med plan for naudsynte tiltak på bygdetunet. Haugland har saman med Jan Øvstebø (handverkar) og Atle Thoresen (grunneigar) vore på plassen. Utan å bruka mykje tid på kostnadsoverslag, er det vanskeleg å setja pris på dette arbeidet. Det som er mest påkrevd no, er å stoppa lekkasje inn i stovehuset. Då må helletaket ned før det vert lagt nytt sutak. Pål Haugland vil at sutaket skal vera av lerk. Det kan gjerast slik at ein feller nokre lerketre på Haugland, får dei på sak og skjer opp i rette dimensjonar. Det same treslaget vil han bruka til nytt slåk på kverna. Dugnadsgruppa er positive. Taket på stallen er førebels utbetra. Kverna må på nytt bli funksjonell, men det som hastar mest, er taket på hovudhuset. Eg rår til at det vert laga sak på ekstraløyving Bygdetunet Rød. Estimert til kr. 500.000,- til kr. 800.000,-